



Advokatfirmaet Harris v/advflm Ingrid Årskog Storevik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/222 - 16/3370

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

22.02.2016

GBNR 22/2 - Søknad om frådeling av 3 matrikkeleiningar - Orientering om plankrav mv

Administrasjonen viser til søknad dagsett 20.1.16 om løyve til frådeling av 3 parsellar i Meland kommune. Søknaden er journalført motteke 25.1.16, **arkivsakid 16/222**.

Parsell nr 1 og 2 gjeld større parsellar som er avsett til framtidig bustadområde i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Parsell 1 ligg innanfor område B_8 og parsell 2 innanfor område B_9.

Parsell nr 3 gjeld frådeling av naustparsell til uendra bruk innanfor naustområden NA_4, Mjåtveit. Denne søknaden blir behandla gjennom eige sak/vedtak, **arkivsakid 16/543**. Kommunen har delt sakane då dei gjeld ulike areal og delvis ulik prosess, jf nedanfor. Føreliggjande orienteringsskriv er journalført i begge sakene.

Plankrav:

Administrasjonen informerer om at frådeling av areal innanfor byggeområda B_8 og B_9 ikkje kan godkjennast utan at det ligg føre reguleringsplan for området eller det blir søkt om og gitt dispensasjon frå plankravet, jf føresegn 1.2.1 til KPA.

Plankravet gjeld for alle søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova, mellom anna deling av eigedomar. Kommunen kan ikkje gi dispensasjon utan at det ligg føre grunngjeve søknad, jf pbl kap 19. Dersom tiltakshavar søker om dispensasjon, kan administrasjonen etter ei førebels vurdering ikkje sjå vesentlege motføresegn mot dette, og det vil heller ikkje bli stilt krav om ny nabovarsling.

Administrasjonen ber om tilbakemelding til dispensasjonsspørsmålet innan **15.3.16**.

Nabomerknader:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen har mottatte nabomerknader på vegne av Torunn Elin Solberg v/advokat Knut-Johan Onarheim, sjå vedlegg. Kommunen kan ikkje sjå at søknaden inneheld nabomerknader frå Ingunn Benjaminson og Terje Solberg, slik det er vist til frå advokat Onarheim.

Administrasjonen ber om at merknadene blir kommentert innan **15.3.16**.

Ved spørsmål i saka kan Juridisk Rådgjevar Tore Johan Erstad kontaktast direkte på telefon 56 17 11 69.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Merknad til nabovarsel frå GBNR 22/2

Mottakere:

Advokatfirmaet Harris v/advflm
Ingrid Årskog Storevik